


IST Home- Barnehage Skule/SFO

Korleis ta i bruk IST Home som
føresett?



IST HOME Barnehage, skule/SFO- er appen der du som føresett, på ein og same stad, får god oversikt over når ditt/dine barn er til stades i barnehage og på skule/SFO.

Appen gjer den daglege kommunikasjonen mellom skule, SFO, barnehage og heim enklare.



Gjennom appen kan du som føresett til barn i SFO eller barnehage:

- Registrere opphaldsplan
- Melde fråvær og registrere fri/ferie
- Registrere henteavtale
- Kommunisere med personalet
- Lese dagsaktuelle nyheiter frå eininga
- Lese vekeplanar og anna relevant informasjon
- Få tilgang til samtykke og søknadar
- Booke tid for utviklingssamtalar o.l.

Gjennom appen kan du som føresett til skuleelev:

- Registrere fråvær
- Sjå timeplan
- Sjå eleven sine fag, lærarar, karakterar og merknadar
- Få oversikt over eleven sitt fråvær
- Kommunisere med lærarar
- Lese nyheiter frå skulen
- Få tilgang til samtykke og søknadar
- Booke tid for utviklingssamtalar o.l.

Funksjonaliteten kan variere på dei ulike einingane. Ta kontakt med di eining dersom du har spørsmål eller oppdagar manglar.

Retningslinjer for kommunikasjon via IST Home i Fjord kommune:

- **Bruksområde:**

Dette er en chat mellom pedagogiskeleiar/lærer og føresette. Det betyr at ein ikkje kan chatte med leiinga eller administrasjon. Dersom ein ynskjer å melde frå, varsle om noko m.m. Tek ein kontakt med styrar/reaktor via telefon eller e-post.

- **Bruk av chatfunksjonen**

På grunn av personvern skal berre korte beskjedar og spørsmål formidlast i chatten. Dette kan vere meldingar som at barnet/eleven er sjuk og blir heime, endring i kven som hentar i barnehage/sfo osv. Drøfting rundt hendingar i kvardagen må ein ta pr. telefon/møte, men ein kan be om at td. ped.leiar/lærer tek kontakt for ein prat.

Eininga kan også legge ut beskjedar som vil vere viktige for de som føresette.

- **Responstid**

Dei tilsette i barnehage, skule/sfo skal vere i lag med barna/elevane og sjekkar derfor ikkje fortløpande chatten.

Meldingar i chat vil bli sjekka om **morgonen** og **før skulestart**. I barnehage og sfo vil det bli sjekka midt på dag, og på ettermiddag ca. kl. 15. Skulen sjekker **etter skuletid**.

Dersom pedagogisk leiar er vekke, kan de sende chat til ein av dei andre på avdelinga. Om kontaktlærer er vekke kan de sende melding til teamleiar, eller ein annan på trinnet, men det er då ingen garanti for at meldingane vert lest. Ved fråvær er beste løysinga å gi beskjed via telefon.

- **Bilde**

Barnehagane vil nytte appen til å dele bilde frå kvardagen på avdelingane. For at dette skal vere etter krav om personvern må alle føresette samtykke til deling. Det vil også vere avgrensing på inntil 8 bilde pr. veke, fortrinnsvis av aktivitetar der barna ikkje kan identifiserast med ansikt.

Skulane/sfo vil også ha høve til å dele bilde med jamne mellomrom, men ikkje i like stor grad som barnehagane.

- **Planar**

Årsplanar, månads- og vekeplanar for barnehage og avdelingane vil bli lagt i appen.

Korleis komme i gong med IST HOME Skule/Barnehage?



1. Last ned IST Home frå Appstore eller Google Play på din mobiltelefon.
2. Logg inn med ID-porten (bankID/MinID).
3. Sjekk at namnet til ditt/dine barn kjem fram i appen. Viss ikkje, ta kontakt med eininga.
4. Pass på at du tillèt varsel frå applikasjonen, og aktiverer biometri som innloggingsmetode. Dette vil gjere den daglege bruken av applikasjonen enklare.

Sjå vår heimeside for ytterlegare informasjon og brukarretteiing:

<https://isthome.no>